

Årsplan

2025/2026



Open, engasjert og modig

Innhold

Føremålet med barnehagen sin årsplan.....	3
Årsplanen sin funksjon.....	3
Barnehagen sitt samfunnsmandat.....	5
Organisering av dei kommunale barnehagane i Ålesund.....	6
Stette barnehage.....	7
Kontaktinformasjon	8
Visjon	9
Verdiar	10
Barnehagen sitt innhold	12
Barnehagen sine satsingsområde	14
Barns medverknad.....	18
Samarbeid.....	19
Samarbeid mellom heimen og barnehagen	19
Samarbeid mellom barnehagen og andre aktørar	22
Tieplikt, opplysningsplikt og avverjeplikt	23
Overgangar.....	24
Når barnet byrjar i barnehagen	24
Overgangar i barnehagen.....	25
Overgangen mellom barnehage og skule.....	26
Barnehagen som pedagogisk verksemd	28
Planlegging	28
Vurdering.....	30
Dokumentasjon	30
Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte.....	32
Arbeidsmåttane til barnehagen.....	35
Progresjon.....	35
Samling.....	38
Barnehagebiblioteket	39
Fagområda.....	39
Kunst, kultur og kreativitet	41
Natur, miljø og teknikk.....	41
Etikk, religion og filosofi	41
Nærmiljø og samfunn	41
Kommunikasjon, språk og tekst.....	42
Kropp, rørsle, mat og helse.....	42
Mengde, rom og form	42
Årshjul – aktivitetar, tradisjonar, arrangement og liknande.	43
Kjelder	45

Førmålet med barnehagen sin årsplan

Årsplanen er eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngevingane til barnehagen.

(Rammeplan for barnehagen - innhald og oppgåver, 2017, s. 37)

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd der innhaldet skal planleggast og vurderast. Barnehagen sitt pedagogiske arbeid skal vere grunngeven i Barnehagelova og i Rammeplanen. Med utgangspunkt i Rammeplanen skal barnehagen sitt samarbeidsutval fastsetje ein årsplan for den pedagogiske verksemda.

Det vert utarbeidd ein årsplan for kvart barnehageår i kvar barnehage. Årsplanen vert publisert på nett og sendt ut på e-post til alle foreldre og føresette når den er fastsett. Årsplanen ligg til grunn for vidare arbeid med planar for kortare og lengre tidsrom, og for ulike barnegrupper ved behov.

Årsplanen sin funksjon

Årsplanen skal synleggjere korleis barnehagen brukar barnehagelova i praksis, og arbeider målretta for å sikre det pedagogiske arbeidet. Ifølgje rammeplanen har planlegging av barnehagen sitt innhald og arbeid fleire funksjonar:

- Personalet får grunnlag til å tenke og handle systematisk i det pedagogiske arbeidet
- Det gjev kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa
- Synleggjer barnehagen si tolking og realisering av rammeplanen
- Gjev utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda

Barnehagen sin årsplan er også eit viktig dokument for eigar og myndighetene si oppfølging og tilsyn med barnehagen. Den er nyttig å bruke i samarbeid med føresette og andre samarbeidspartnarar.



Barnehagen sitt samfunnsmandat

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdiar som kommer til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettighetane.


Barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskartrang. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.

Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverking tilpassa alder og forutsetningar.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og være et utfordrande og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

(Barnehagelova, 2005, §1. Formål)

Organisering av de kommunale barnehagene i Ålesund



Stette barnehage

Barnehagen vår

Stette barnehage starta i lokala til då Stette barneskule/ grendehus, vi flytta inn i nytt bygg påska 2014 til glede for bygdefolket og dei tilsette. I dag er Stette barnehage eigd og driven av Ålesund kommune. Ålesund har delt inn alle dei kommunale barnehagane i verksemda og alle verksemdene har ein verksemdsleiar og kvar barnehage har ein styrar.

Stette barnehage er ein av seks barnehagar som til saman utgjør Ålesund Indre & Nordre som er Stette, Skodje, Prestemarka, Valle, Årøyhaugen & Harøy bhg.

Barnehagen ligg i eit flott naturområde med utsikt over Stettevika og med Stette Montessoriskule som nærmaste nabo. Vi har kort veg til skog, fjøre og i tillegg har vi eit flott inngjerda uteområde med grue, grillhytte «Revehiet» og mange ulike leikemoglegheiter. Vi har moglegheit til å bruke gymsalen og grendehuset til ulike aktivitetar etter avtale.

Barnehagen er bygd som 2 avdelingar for 72 plassar/54 barn.

Pr. i dag er Solstrålane 0-2 års avdeling og Fjorefantane ei blanda avdeling 2-6 års avdeling.

Barnehagen opplevast som romsleg og lys, har store gode rom og eit flott uteområde.

Stette barnehage vert driven etter heimel i Lov om barnehagar. Rammeplan for barnehagen gir føringar for innhaldet og oppgåvene til barnehagen. Årsplanen vår gir oversikt over den pedagogiske verksemda, samtidig som den beskriv barnehagen sine satsingsområde. Den seier noko om korleis vi er organisert, og korleis vi arbeider med omsorg, leik, danning og læring.

Kontaktinformasjon

Stette barnehage
Bjønnaberget 7, Stette
6260 Skodje

Telefon:

Kontor/verksemdsleiar: 958 75 569

Kontor/styrar: 970 43 396

Fjørefantane: 414 58 125

917 33 865

Solstrålane: 904 75 883

Marianne Nesvik Tøsse, styrar.

marianne.nesvik.tosse@alesund.kommune.no

Janne Aamelfot, verksemdsleiar.

janne.aamelfot@alesund.kommune.no



Visjon

Visjon for Stette
barnehage:
"Eg er meg når eg
er saman med deg"

Vi legg vekt på at alle barn skal kjenne seg inkluderte, sette og anerkjende. Barna er kjernen i verksemda vår og den viktigaste ressursen vi har. Barnehagen skal vere ein stad der barn, foreldre og tilsette saman dannar eit fellesskap der alle er like verdifulle. Vi møter kvart barn som eit unikt individ med respekt for deira opplevingsverd. Gjennom leik, samspel og omsorg vil vi bidra til at barna utviklar empati, sjølvkjensle og tru på egne evner.

Visjonen til barnehagen skal være levande i det daglege arbeidet og vere ein raud tråd gjennom alt arbeid i barnehagen – planlegging- gjennomføring og evaluering. Og ved å gi barna dette er vi med å bygge robuste menneske med evne, vilje og mot til samskaping.

Visjon
for kommunal-
område opplæring:
**Robuste menneske
med evne, vilje
og mot til
samskaping**



Verdiar

I følgje rammeplanen skal verdigrunnlaget til barnehagen formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. Vårt samfunnsmandat er i samarbeid og forståing med heimen, og ivareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Vi må sjå omsorg, danning, leik og læring i ein samanheng.

Verdiar til Ålesund kommune:

OPEN

- Lyttande og har tid til folk.
- Gode til å samarbeide.
- Løysingsorienterte og nytenkande.

Engasjert

- Innbyggjarane sitt beste for auge.
- Oppdatert kunnskap om arbeidsfeltet sitt og samfunnet.
- Respekt for andre sin kompetanse og ståstad/meiningar.
- Arbeidsglede og humor.

Modig

- Våge å satse
- Prøve ut aktuell teknologi og nye måtar å gjere ting på.
- Tenke langsiktig og våge å prioritere.
- Opne opp for ulikheiter og hindre utanforskap.

Verdiane til Stette barnehage:

Under ser dokke kva verdiane til Stette barnehage og kva dei betyr for oss – barn, foreldre og tilsette.

Verdiar til Stette barnehage:	Barn og føresette skal oppleve:	Tilsette skal/skal være:
Omsorg og trygghet	Å bli tatt vare på Å bli sett, høyr Trivsel	Ei god hamn –trygghets sirkelen Ein pådrivar til god relasjonsbygging
Inkludering	Å være ein del av fellesskap Å bli inkludert... Å få sosial tilhøyring At heile menneske blir sett oghøyr	Ein pådrivar for godt fellesskap Ein som ser det enkelte barnet og heile barnegruppa
Glede	Å kjenne glede Å oppleve humor	Gode rollemodellar og vise humor og glede ein JA-kultur



Barnehagen sitt innhald

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.

(Rammeplanen kap. 3)

Vi brukar rammeplanen som ein raud trå i det pedagogiske arbeidet vårt i planlegging, gjennomføring og evaluering. Innhaldet i barnehagen skal være allsidig, variert og tilpassa det enkelte barnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og oppleve skaparglede, undring og utforskartrong. Arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk skal sjåast i samanheng, og samla medverke til barn si allsidige utvikling.

Omsorg

Vi er opptekne av at barna skal få trygge og gode relasjonar med andre barn og vaksne på avdelingane. Og arbeidar med trygghets sirkelen gjennom tilvennings/tryggingsperioden, men også i gjennom heile året. Barna skal føle seg sett og høyr, og oppleve tilsette som er engasjert, lyttande, tolmodig, empatiske og omsorgsfulle. I starten av barnehagetida tenkjer vi at barnet skal få velje sin trygge vaksne i gruppa, og der etter få utvide dei relasjonane i sirkelen sin, etter eige tempo så langt det lar seg gjer. I trygghet, glede, humor og fellesskap ønsker vi å la barnet utvikle seg i lag med andre barn og tilsette i vår barnehage.

Danning

I fellesskap med andre utviklar barn sin identitet og sjølvstendigheit. Barnet samlar erfaringar gjennom kva dei gjer, kva tilbakemeldingar dei får av andre og kva det opplever. Tilsette skal anerkjenne barna, og støtte barna sine forsøk på å skape meining i den verda dei er ein del av. Danning skjer i nære relasjonar til andre og på ulike arenaer gjennom heile livet.

Danning byggjer på erfaringar, og erfaringane omfattar alt kva eit menneske aktivt gjer og opplever.

Leik

Leiken har ein sjølvskriven og viktig plass i barnehagen vår. For oss er det viktig å sjå på både leikens nytteverdi og eigenverdi. Med det ønsker vi å legge til rette for leik med klare mål, men også den frie og glade leiken som skjer her og no. Vi skal bidra til den gode barndommen ved å gi alle barn høve til å leike, og ønsker å tilrettelegging for ulike leiketypar og ulikt leikemateriale. Leiken er viktig for at barna skal trivast, og er ei grunnleggjande livs- og læringsform.

Læring

Barnehagen vil på ulike måtar legge til rette for at barna skal få gode læringsarenaer gjennom dagen. Gjennom daglege rutinar og repetisjonar skapar vi mange læringsprosessar gjennom barnehageåret. Vi vil også legge til rette for at læring skjer i spontane og planlagde aktivitetar i det daglege samspelet med andre. Barna vil oppleve at det blir lagt til rette for at dei skal få halde på med sjølvvalde aktivitetar og samt bli utfordra til å prøve nye ting.

Sosial kompetanse

God sosialkompetanse blant barn vil føre til harmoni og balanse i barnegruppa. Det inneberer at barn skal få evne og kjennskap til å ta andre sine perspektiv, vise omsorg, inngå på ein positiv måte i gruppa. Det er eit kontinuerleg arbeid der vi hjelper barna gjennom handling og opplevingar i løpet av dagen. Vi vaksne har ei stor oppgåve å fylle med å framstå som gode rollemodellar for barna.

Barnehagen sine satsingsområde

Utviklingsarbeid – ReKomp

Barnehagebasert kompetanseutvikling involverer og inkluderer hele personalet i barnehagen, på tvers av kompetansenivå, og føregjeng lokalt i den enkelte barnehage. Vi er saman om å skape gode barnehagar og å realisere barnehagens formål.

Måla for kompetanseordninga er å:

- Ugjevne kvalitetsforskjeller og sikre at alle barn får gode barnehagar i tråd med gjeldande styringsdokument.
- Styrke barnehagen som lærande organisasjon.
- Styrke kontakten og samarbeidet mellom barnehagar, universitet og høgskolesektoren.
- Støtte barnehagane med forskingsbasert teori og universitet og høgskolesektorane med praksiskunnskap gjennom å utvikle kompetanse sammen i lærande fellesskap.

Nokre punkt frå tidlegare ReKomp arbeid frå 2022 til 2024

Vi tar med dette frå dei utviklingsarbeidet vi har arbeid med og implementerer det inn i det pedagogiske arbeidet og gjer det om til praksis.

Vi:

- Dele i mindre grupper.
- Har samling fylt med glede, nysgjerrighet.
- Ei arena for førstegongs erfaring og repetisjon.
- Arbeider med berekraftsmåla for å auke vår kompetansen og ta vare på planeten vår.
- Har fokus på kropp gjennom rørsle, hinderløype og sansar ved bruka av mini røris, yoga o.L.
- Brukar didaktiske plana for planlegge, gjennomføre og evaluere av det pedagogiske arbeidet.
- Legg til rette for leika med uidentifisert material for å utvide leikekompetansen.
- Bruk av visuell støtte/bilde støtte.
- Arbeidar med å auke teiknspråk kunnskapen både for barn og tilsette, og vi brukar teikn til tale som støtte for å lære meir teiknspråk, og utvide språkforståing.
- Serverer næringsrikt og varijert kosthold og alle 3 måltida, og gir barna ulike sanse opplevingar innan mat og måltid.



Rekomp 2024-25

Problemstillinga vi skal arbeide etter lyder slik;
Korleis kan personalet fremme barns leik inne og ute?

Personalet har:

- fått meir kompetanse i ulike verktøy som fremma barnsleik og leike kompetanse, lage struktur over dagen slik det blir meir rom for leik på barns premisser.

Barn har fått oppleve:

- Humor, spenning, meistring, kreativitet, at leik har ein eigenverdi, spontanitet, song og bevegelse leikar, trygghet, støtte i leik m.m.

Rekomp 2025-26

Hovudtema: Inkluderande språkmiljø

Undertema: Språk og språkvanskar

Vår problemstilling: Korleis engasjere og inkludere barn i rytme, rim og regle?

Personalet skal få betre kjennskap til, og implementere ulike verktøy/metodar i det pedagogiske arbeidet vårt:

- Språkplan for Ålesund kommune.
- Kartleggingsverktøy; Tras, Alle med, undringsskjema og frå undring til tiltak.
- Rammeplan.
- Høigård si bok “Språkutvikling”.
- Logoped -eit lav terskeltilbod som vi tar i bruk i kvardagen i lek med barna.

Barna skal få:

- Engasjerte og språkaktivt personal som tar barne språkutvikling og lek på alvor.
- Bruke språk til å skape relasjonar, delta i lek og som reiskap til konflikt løysning
- Leike, improvisere og eksperimentere med rim, rytme, regler og song.

På den måten får barna kunnskap og ny lærdom gjennom praksis i barnehagekvardagen og tilsette frå kompetanseheving i personalgruppa med å bruke dei verktøy som vi allereie har.

Miljøfyrtårn

- Vi er miljøfyrtårn og vidare arbeid blir å oppretthalde oppgåvene rundt miljøfyrtårn.
- Styrar sender inn rapport kvart år.
- Miljøfyrtårn er eit verktøy slik at kommunen kan drive berekraftig internt og set minst mogleg klimafotavtrykk.
- Miljøfyrtårn er Norges mest brukte sertifisering for verksemder som vil dokumentere sin miljøinnsats og vise samfunnsansvar.
- Kvart 3. år er det ny sertifisering.



Berekraft - miljøfyrtårn i Stette barnehage:

- Vi kaster matavfallet i merka boks. Den tømmast i matavfallsdunken kvar dag.
- Vi sår og dyrkar grønsaker.
- Vi sorterer hermetikk, glas, papp, papir, plast og farleg avfall i egne merka dunkar.
- Vi kaster ikkje søppel i naturen når vi er på tur, men plukka med oss søppel som vi finn.
- Vi vernar om naturen rundt oss, både planter og dyr.
- Vi deltar i «Hold Norge Rent» på våren, der vi plukkar søppel i nærområdet rundt barnehagen.
- Vi er bevisst på bruk av papir.

Berekraftsmål 14, Livet i Havet

- Livet i havet er årets berekraftsmål vi skal bli betre kjent med.
- Utforske vatn og hav gjennom leik og sanseerfaring.
- Lære om livet i havet.
- Arbeide med forsøpling og ansvar.



Barns medverknad

Barnehagen skal ivareta barna sin rett til medverknad ved å legge til rette for, og oppmuntre til at barna kan få uttrykke sitt syn på barnehagen sitt daglege innhald, jf. Lov om barnehagar kap. II- §3, grunnloven §104 og FNs barnekonvensjon artikkel 12 nr. 1.

I følge rammeplanen kapittel 4 skal barnehagen vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alder, erfaring, dei individuelle føresetnadene og behova til barna.

For oss i Stette barnehage er medverknad at barna får valmoglegheiter, være med på å påvirke i det pedagogiske arbeidet som individ og gruppe, og at dei opplever at dei blir sett og høyrte.

Som tilsett skal vi kjenne og anerkjenne barnas behov og ønsker etter alder og føresetnader, og skape gode relasjonar til enkelt individ og gruppe. Barnehagen skal vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadene og behova til barna.

I prosessen der barn medverkar skal vi legge til rette for at barna også får være med gjennom heile fasen - planlegge, gjennomføre og evaluere. Med å la barna delta i denne prosessen vil barna få kjennskap til å medverke i ulike situasjonar som igjen fører til utvikling, læring og etter kvart endringar i barns åtferdsmønster og opplevingar av ein meningsfull barndom.

Samarbeid

Samarbeid mellom heimen og barnehagen

Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.

(Rammeplanen kap 5)

Eit godt samarbeid mellom heim og barnehage er viktig for barnet si trivsel, tryggleik og utvikling. Foreldra kjenner barnet sitt best, og saman legg vi grunnlaget for ein trygg og god oppvekst.

Den daglege kontakten ved henting og levering gir høve til å dele informasjon om barnets dag og eventuelle beskjeder. Gi oss gjerne beskjed om endringar i barnets liv, som skilsmisse, sjukdom eller andre hendingar som kan påverke barnet.

Hugs at slike tema ikkje bør snakkast om medan barnet høyrer på – ta heller kontakt med pedagogisk leiar eller styrar for ein samtale utan barnet til stades.

Vi har ulike typar kommunikasjon og samarbeid i løpet av året:

- Førsette får utdelt «bli kjent skjema» i forkant av oppstart og levera inn også i forkant, slik vi i barnehagen kan få litt kjennskap til barnet og familien på førehand.
- Så blir det ein samtale for dei som ønsk etter 2-5 veke etter oppstart.
- Foreldresamtale september/oktober/november, og i mars/april/mai.
- Sluttsamtale i forbindelse barnehageslutt og skulestart.
- Vi har også foreldresamtalar ved behov utan om dei faste møta.
- Foreldremøte for nye foreldre før sommaren (mai/juni), og foreldremøte for alle haust (sep), moglegheit foreldremøte på vår om behov/ønskeleg.

Før oppstart i barnehagen har vi besøksdagar:

- Besøksdag før oppstart er for at foreldre og barn skal få helse på tilsette, barna og sjå barnehage, slik dei kan danne seg eit bilde av korleis vi har det i vår barnehage.

Å legge til rette for ein god oppstart**Trygging og tilvenning for oss betyr at barnet(foreldre):**

- Føler seg sett, forstått og ivaretatt.
- Utviklar trygg tilknytning til personalet i barnehagen.
- Føler nysgjerrigheit og glede i lek og utforsking.
- Opplever barnehagen som ein trygt og god plass.

Foreldrerådet:

Foreldrerådet består av alle foreldre til barna og skal fremje deira fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.

Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU). Ut frå denne gruppa vel vi ein leiar og ein nestleiar som møter i Samarbeidsutvalet.

Samarbeidsutvalet:

Samarbeidsutvalet (SU) skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet består av foreldre og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehagen sin eigar kan delta etter eige ønske, men ikkje med fleire representantar enn i kvar av dei andre gruppene.



Barnehageeigar skal sørge for at saker av viktigheit vert lagt fram for foreldrerådet og samarbeidsutvalet.

Fau i Stette barnehage har ansvaret for å rekruttere nye medlem i foreldrerådet. Fau er foreldrerepresentantar, dei er blant anna med å arrangerer sommarfest, Lucia og fotografering dette i samråd med styrar og pedagogar. Luciafesten og påskeutstillinga er det barnehagen som inviterer til. Barnehagen ønsker at Fau hjelper å skaffe nokre foreldre som kan hjelpe med opprydding og evt. matserving om det er behov for det.

Overordna mål for samarbeidsrutinane

- Barn og foreldre skal oppleve overgangen frå heim til barnehage som trygg og god.
- Barn, foreldre og personal opplever god kommunikasjonsflyt mellom heim og barnehage.
- Barna skal oppleve samanheng mellom heim og barnehage
- Barn skal få tid og rom til å bli kjende med andre barn og resten av personale når dei bytta barnegruppe.
- Personal og foreldre skape gode føresetnader for det enkelte barn sin trivsel, utvikling og læring og arbeider saman for barnets beste.



Samarbeid mellom barnehagen og andre aktørar

Regjeringen forventer – at kommuner og fylkeskommuner arbeider målretta for ein felles kultur for samarbeid på tvers av tenestene for å gi barn og unge som treng det, et helskapeleg tilbud. Godt tverrfaglig samarbeid handlar om at ulike fagmiljø arbeid saman og ser tilboda til barn og unge i samanheng.

(Meld.St. 6, 2019-2020, s. 6)

I Ålesund kommune samarbeider barnehagane tverrfagleg med ulike aktørar.

For Stette barnehage er dette blant anna:

- Pedagogisk fagsenter:
 - Styrka barnehagetilbod (Ressursteam barnehage og spesialpedagogisk team):
 - Lågterskeltilbod til barnehagane i kommunen. De kan bistå med rettleiing av personalet og i planlegging av det pedagogiske tilbodet i barnehagane. Det for å auka kvaliteten av det allmenn pedagogiske arbeidet og opp imot barn med ekstra behov.
 - PPT: Yter tenester til barn i førskolealder (0-6 år) med ulike utfordringar.
- Barnevernstenestene: Samarbeid ved behov
- Helsestasjon: Samarbeid ved behov.
- Grunnskole: Samarbeid ved overgang barnehage/skole.
- Ungdomsskule: Arbeidsveke for elevar.
- Vidaregåande skole: Praksisplass for elever.
- Høgskole: Praksisplass for studentar ved barnehagelærerutdanninga.

Ålesund kommune ønska det skal være trygt og godt å vekse opp i Ålesund. Av og til oppstår det likevel utfordringar som gjer at ikkje alle har det så bra, av ulike grunna. I vår Ålesund føl vi BTI-modellen. Betre tverrfagleg innsats i Ålesund kommune betyr at ulike tenester – som barnehage, skule, helsestasjon, PPT, barnevern og andre fagpersonar – samarbeider tett for å gi tidleg og samordna hjelp til barn og familiar som treng støtte.

Målet er at barna skal få rett hjelp til rett tid, og at foreldre opplever eit samarbeid der tenestene snakkar med kvarandre – ikkje om kvarandre. BTI-modellen skal bidra til tidleg innsats, samordna tenester og foreldreinvolvering.

Teieplikt, opplysningsplikt og avverjeplikt

Barnehagelova § 20 pålegg teieplikt om forhold dei tilsette i barnehagen får kjennskap til gjennom si stilling (jf. forvaltningslova § 13). Teieplikta er ein viktig føresetnad for at barnehagen skal få informasjon om opplysningar knytte til familieforholda til barna, som kan vere avgjerande for opphald, trivsel og utvikling i barnehagen.

Barnehagelova § 22 pålegg tilsette i barnehagen, utan hinder av teieplikta, å gi opplysningar til barnevernstenesta når det er grunn til å tru at det førekommer mishandling av barn i heimen eller andre former for alvorleg omsorgssvikt – også kalla meldeplikt. I tillegg skal ein gi opplysningar til barnevernstenesta når ein blir beden om det.

Ifølgje den generelle føresegna om avvenjing i straffelova § 196, er ein kvar forplikta til å søkje å avverje ei straffbar handling eller følgjene av ho, på eit tidspunkt der det framleis er mogleg, og det fram står som sikkert eller mest truleg at handlinga er eller vil bli utført. Den generelle avverjeplikta gjeld også for tilsette i barnehagen.

Alle tilsette i barnehagen skal ha godkjend politiattest.

Overgangar

Livet består av mange overgangar, og nokre er større og meir krevjande enn andre. Å starte i barnehage er ei stor omvelting for både barn og foreldre. Overgangar kan vere meningsfulle, men krev at endringa er forståeleg og opplevast som samanhengande mellom heim og barnehage. Tilsette og foreldre er bindeledd som skapar tryggleik og heilskap -både ved oppstart og når barnet bytar avdeling, går over til ny barnehage eller vidare til skule.

Når barnet byrjar i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og godt start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn.

(Rammepleanen kap 6)

Mange born startar i barnehagen i ein alder der dei er sårbare for separasjon frå foreldre. Både for eittåringar og barn i andre aldrar treng støtte til å regulere kjensler, og forstår ikkje heilt kvifor foreldra går.

Trygge relasjonar til personalet reduserer uro og gjev barnet tryggleik. Tilvenning handlar om å venne seg til nye rutinar,

medan tilknytning er ein kjenslemessig prosess som tek lengre tid.



Foreldre bør setje av god tid i starten, slik at barnet får bli kjent i eige tempo. God dialog mellom foreldre og personale er viktig. Ein kontaktperson har hovudansvaret for å bygge relasjon til barnet og foreldra, og representerer tryggleik når foreldra ikkje er der.



Eit «overgangsobjekt» som ein bamse eller smukk kan gi barnet tryggleik når foreldra er borte. Kjende songar eller leiker kan òg hjelpe ved overgang til ny avdeling.

I Stette barnehage får føresette eit informasjonshefte i første e-post, og det blir òg delt ut til vikarar og nye tilsette.

Overganger i barnehagen

Personalet skal sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter gruppe. (Rammeplanen kap 6).

Ved overgang til ny avdeling legger vi til rette for at barna skal bli trygge i prosessen:

- Barna får først utforske den andre avdelinga saman med kjende barn og tilsette.
- Deretter blandar vi barnegruppene frå begge avdelingane i ulike aktivitetar inne og ute for å bygge relasjonar.
- Etter kvart besøker barna den nye avdelinga også utan tilsette frå si avdeling, men saman med barn frå si faste gruppe.

Stette barnehage sine verdier i overgangar

Struktur	Barns medverknad	Vaksenrolla
For barna og foreldra betyr detforutsigbarheit, rutinar og trygge rammer.	Barna skal få val-moglegheiter og påverknad, og bli sett og høyrte.	Barna skal møte engasjerte, empatiske og omsorgsfulle vaksne.
For dei tilsette betyr det å planleggje, gjennomføre og evaluere for å sikre læring og tryggleik.	Dei tilsette skal anerkjenne barnas behov, bygge relasjonar og støtte utvikling etter alder og føresetnad.	Dei tilsette skal vere respektfulle, støttande og tydelege rollemodellar.

Overgangen mellom barnehage og skule

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga.

(Rammeplanen kap 6)

Ålesund kommune har ein plan for overgang mellom barnehage og skule. Barn og føresette skal føle seg trygge på at både barnehage og skule gjer sitt beste for å skape kontinuitet og samanheng mellom barnehage og skule. Dette krev tett samarbeid med barna og dei føresette, og mellom tilsette i barnehage, skule og SFO. Føresette har ei viktig rolle i overgangen. Dei skal vere ein støttespelar for barnet, og samarbeide tett med dei tilsette i barnehage, skule og SFO.

Mål for overgangen frå barnehage til skule i Ålesund;

- Barna skal oppleve overgangen frå barnehage til skule og SFO som trygg og god.
- Barna skal oppleve samanheng mellom barnehage og skule.
- Å skape eit godt grunnlag og motivasjon for å byrje på skulen.
- Å skape eit godt grunnlag for det enkelte barn sin trivsel, utvikling og læring. Førskulebarn utan barnehageplass i Ålesund kommune må innlemmast i skulen sin plan for treffpunkt.

Stette barnehage har eit godt samarbeid med Skodje barneskule, avdeling Skodje og Stette Montessoriskole kring tilvenning. Barn som eventuelt søker seg til andre skulekretsar vil også få oppfølging. Barnehagen og næreskulen har utarbeida eit Årshjule, dette er eit arbeidsverktøy for skule og barnehage, men kan delast med foreldre om dei ønska det.

Førskulebarna/foreldre i Stette barnehage får:

- Eit eige pedagogisk opplegg for skulestartarane.
- Barna vert invitert til arrangementet og besøk i skulen.
- Tilsette ved barnehagane og skulane som samarbeider om ein trygg overgang til skulen.
- Overgang til skule som tema i siste foreldresamtale våren før skulestart.
- Informasjon som vert utveksla mellom barnehage og skule om ditt barn er godkjent av deg som foreldre.
- Ei god avslutning av barnehagetida.



Barnehagen som pedagogisk verksemd

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggast og vurderast.

Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane. (Rammeplan kap 7)

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd der innhaldet blir planlagt, dokumentert og evaluert jamleg. Samfunnet er i stadig endring, og barnehagen må utvikle seg i takt med dette.

I Stette barnehage arbeider vi kontinuerleg med utviklingsarbeid gjennom ulike temaperiodar. Desse blir planlagde, gjennomførte og evaluerte, og kan ta utgangspunkt i årstider, merkedagar, barns medverknad eller tema frå utviklingsprosjekt – til dømes leik, språk, eventyr, dyr, årstider, brannvern, jul, samefolkets dag og markering av 17. mai.

Personalet nyttar fleire pedagogiske verktøy for å sikre barns rett til medverknad og deltaking i barnehagekvardagen. Døme på slike verktøy er årsplan, periodeplan, månadsplan, månadsbrev og didaktisk plan.

Planlegging

Barnehagen skal tenke og handle langsiktig og systematisk, og planlegginga må basere seg på kunnskap om barn sin trivsel og allsidige utvikling, individuelt og i gruppe. (Rammeplan kap 7)

I Stette barnehage brukar vi plantid, samlingar, teammøte, pedagogmøte og personalmøte til å planleggje det pedagogiske arbeidet. Arbeidet blir strukturert gjennom årsplan, periodeplan, didaktisk plan og årshjul, som gir retning og samanheng i kvardagen.

Vi legg stor vekt på barns medverknad, og brukar samlingane til å

snakke med barna om kva som skjer framover, og om deira idear og ønskje til nye tema og prosjekt.

Planlegginga tek utgangspunkt i kvart barn og barnegruppa som heilskap, med fokus på kunnskap, meistring og utvikling. Ho byggjer på observasjon, dokumentasjon, refleksjon og systematisk vurdering – i tett samarbeid med barn og foreldre.

Diatektisk plan – Aktivitet

Mål	Innhald	Ramme- faktorar	Deltakande forutset- ningar	Materiell	Arbeids- måte
Kva ønsker du at barna skal sitte igjen med etter at aktiviteten er ferdig.	Kva skal gjennomførast f.eks. eventyrstund, formingsaktivitet, dramatisering osv.	Størrelse på staden der aktiviteten skal gjennomførast, kor mykje tid har vi til rådighet, personalets kompetanse og antall vaksne, størrelsen på barnegruppa.	Kva forutsetningar/ behov har dei ulike barna og dei ulike vaksne som skal delta på aktiviteten.	Kva treng du for å utføre aktiviteten?	Korleis utføre aktiviteten

Vurdering:

Kva fungerte og kva fungerte ikkje? Nådde vi måla vi hadde sett oss? Korleis vart læringsutbyttet for barna? Kva kan vi gjere annleis neste gang? Kva har barna lært? Kva har vi som vaksne lært i planleggingsprosesses og gjennomføringa?



Vurdering

Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med lov og forskrift.

(Rammeplan kap 7)

I Stette barnehage brukar vi individuell og gruppe evaluering i ulike møte og i plantid. Vurdering skjer etter planlegging og gjennomføring, og er eit verktøy for å sjå om vi har nådd måla våre og kva vi skal arbeide vidare med. Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som ein lærande organisasjon.

Barnehagen byggjer på tradisjonar, samansett kompetanse og taus kunnskap som det er viktig å setje ord på og reflektere over for å vidareutvikle kvaliteten (Rp 2011:44). Arbeidet vårt skal vurderast, dokumenterast, analyserast og tolkast. Vi rettar merksemda mot samspel mellom barn og personale, mellom barn og barn, og mellom dei tilsette.

Resultata frå vurderinga tek vi med vidare i arbeidet på avdelingane og i utarbeidinga av neste års årsplan.

Metodar for vurdering er mellom anna kartlegging, observasjonar, refleksjonar, faglege drøftingar og brukarundersøkingar.

Dokumentasjon

Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i arbeidet med å planlegge, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Vurderingar i høve trivsel og allsidig utvikling skal dokumenterast når det er naudsynt for å gi eit tilrettelagt tilbod. Barn har rett til vern om sin personlege integritet. Foreldre har rett til å sjå og få utlevert dokumentasjon om eigne barn, og til å få sletta eller korrigert opplysingar som er feilaktige eller misvisande. (Rammeplan kap 7)

Dokumentasjon av pedagogisk arbeid i Stette Barnehage

I Stette Barnehage dokumenterer vi vårt pedagogiske arbeid på ulike måtar for å sikre kvalitet, utvikling og samarbeid med føresette.

Månadsbrev

Vi sender ut månadsbrev til føresette kvar månad. Her evaluerer vi månaden som har gått, informerer om månaden som skal kome, og set nye mål for den neste perioden. Månadsbrev gir føresette innsikt i barnehagen sitt arbeid og er ein arena for å synleggjere utvikling og læring hos barna.

Årsplan og rammeplan

Årsplanen, i samsvar med Rammeplan for barnehagen, legg føring for planlegging, gjennomføring, evaluering og dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet. Den sikrar at arbeidet vårt fører til læring, utvikling og endring hos barna, samtidig som den gir personalet eit felles rammeverk for mål og aktivitetar gjennom året.

Periodeplan, temaperioder og didaktisk plan

Vi utarbeider periodeplanar for dei ulike temaperiodene gjennom året. Temaperiodane er planlagt ut frå årsplanen, med vekt på barnas interesse, læringsbehov og årstid.

- **Periodeplan:** Oversikt over aktivitetar, læringsmål, ansvarlege personar og vurderingskriterier for den aktuelle perioden. Eit tema som vert utforska grundig over fleire veker, der vi tilrettelegging for både lek, eksperimentering, observasjon og refleksjon. Vi flettar inn fagområda både i periodeplan og didaktiskplan.
- **Didaktisk plan:** Detaljert planlegging av aktivitetar, metodar, pedagogiske mål, tilrettelegging og evaluering. Den sikrar at aktivitetane har læringsverdi og er tilpassa barnas alder, utviklingsnivå og behov. Vi flettar inn fagområda både i didaktiskplan og periodeplan.

Dagleg dokumentasjon

Det daglege pedagogiske arbeidet dokumenterer vi saman med barna gjennom bilete og evalueringar. Vi fokuserer på å ta bilete av aktivitetar og hendingar framfor enkeltbarn og portrett, for å synleggjere det pedagogiske innhaldet og sikre personvern. Bileta vert Delt på IST, facebook og av og til hengt opp i garderobe, gangar og på avdeling som utgangspunkt for samtale eller vidare arbeid. Når bileta ikkje lenger er i bruk, vert dei lagt i perm til året er omme og deretter makulert.

Foreldresamtalar

Vi har to foreldresamtalar i løpet av barnehageåret, ein på hausten og ein på våren. Vi nyttar eit utarbeida foreldresamtaleskjema som personalet fyller ut basert på daglege observasjonar av barna. Dersom vi ser behov for meir systematisk observasjon, skjer dette i samarbeid med føresette.

Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte

Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter barna sine behov og føresetnader, også ved behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar.

Barnehagen skal arbeide målretta og systematisk for at barn som treng ekstra støtte får eit inkluderande og likeverdig tilbod, og slik vere ein del av eit meningsfullt fellesskap. Om det er grunn til å tru at barnet sitt behov ikkje kan dekkast innanfor det allmennpedagogiske tilbodet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp. Barnehagen skal sørge for at barn som mottok spesialpedagogisk hjelp, inkluderast i barnegruppa og i det allmennpedagogiske tilbodet.

(Rammeplan kap 7)

I Stette barnehage legg vi stor vekt på at alle barn skal få eit inkluderande og likeverdig tilbod. Vi observerer kontinuerleg barna og barnegruppene for å sikre at kvar enkelt får tilrettelegging i tråd med egne behov og føresetnader. Dette kan til dømes vere å dele barn i mindre grupper, ha tilsette tett på,

tilpasse opplegg og hjelpemiddel, eller jobbe med ulike tema som fremjar trivsel og utvikling. Vi reflekterer kontinuerleg rundt kva barna treng av støtte, både sosialt, pedagogisk og fysisk, og vi set inn tiltak raskt når vi ser behov.

Eit godt foreldresamarbeid er avgjerande for alle barn, særleg dei som treng ekstra støtte. Vi har regelmessige møter med foreldre, både individuelt og saman med andre aktuelle instansar som helsestasjon, PPT eller ressursbasen. Foreldre blir alltid informert før vi tek kontakt med eksterne instansar. Ofte handlar det om at personalet sjølv treng rettleiing eller eit utanfrå-blikk for å forstå kva eit barn eller ei barnegruppe treng i augneblinken. Ålesund kommune legg vekt på å gi alle barn eit likeverdig tilbod med høg kvalitet, noko som krev både tilrettelegging og lokale tilpassingar. Tidleg innsats handlar om eit godt pedagogisk tilbod og tilpassa omsorg, og kvalitet blir skapt gjennom samhandling mellom barn, foreldre og tilsette.

[Plan-for-trygt-og-godt-psykososialt-barnehagemiljoet-260321.pdf](#).

I barnehagen arbeider vi systematisk med barnehagelova, mellom anna § 31, § 37, § 41, § 42 og § 43, som alle har tydelege føringar for korleis vi skal sikre eit trygt og godt psykososialt miljø. Alle tilsette har kjennskap til desse paragrafane og til kommunens plan for trygt og godt psykososialt barnehagemiljø, som gir retningslinjer for førebygging, avdekking og handtering av krenkande åtferd.

- **§ 31 Rett til spesialpedagogisk hjelp:** Formålet med spesialpedagogisk hjelp er å gi barn tidleg hjelp og støtte i utvikling og læring av for eksempel språklege og sosiale ferdigheiter.
- **§37 Barn med nedsett funksjonsevne:** Kommunen skal sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit egna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod.
- **§ 41 – Nulltoleranse og førebygging:** Barnehagen tolererer ikkje krenkelsar som mobbing, vald, diskriminering eller trakassering. Tilsette skal gripe inn omgåande.

- **§ 42 – Aktivitetsplikt:** Tilsette skal melde frå til styrar dersom dei mistenker eller får kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt miljø, og barnehagen skal undersøke saka snarast.
- **§ 43 – Skjerpa aktivitetsplikt:** Mistanke om at tilsette krenker barn skal straks meldast til styrar.

Målet med planen er å auke personalets kompetanse på førebygging og handtering av krenkande åtferd, knytte lovverk til praksis, fremje helse, trivsel, leik og læring, og skape eit miljø med nulltoleranse for mobbing og krenking. For barna betyr dette eit trygt og godt barnehagemiljø som styrker sjølvkjensle, gir medverknad og anerkjenning, og gjev dei erfaring med å vere ein viktig del av ei gruppe.

Minoritetsspråklege barn: Barnehagen skal legge til rette for eit inkluderande språkmiljø for alle barn. Det kan være fokus på leikegrupper eller språkgrupper for at barn skal tileigne seg norskspråket og få utvida forståing for kvardagsspråk og leikkompetanse. Midlane kan brukast på ulike måtar, alt frå ekstra personal, innkjøping av materiell som konkretar, bøker, spel m.m.



Arbeidsmåtene til barnehagen

Progresjon

Barnehagen skal legge til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø. (Rammeplan kap 8)

I tråd med Rammeplanen kapittel 8 skal barnehagen legge til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leikemateriale og utforming av det fysiske miljøet. Dette skal støtte barna si utvikling, læring og danning over tid.

Arbeidsmåtene vi brukar i Stette barnehage skal ivareta barna sitt behov for omsorg, lek og læring, og gi dei høve til å medverke i sin eigen kvardag. Personalet nyttar varierte arbeidsmåtar og verktøy som blir tilpassa det enkelte barn, barnegruppa og lokalmiljøet. Nedanfor presenterer vi nokre av verktøya vi brukar i det pedagogiske arbeidet. Under ser dokke nokre av dei verktøy og metodar vi bruka.

Dagtavle

Dagtavler skaper struktur og forutsigbarheit i kvardagen og hjelper barna å vite kva som skal skje gjennom dagen. Dette gir tryggleik, spesielt for barn som treng ekstra støtte for å forstå tid og overgangar. Tavla blir brukt dagleg i samlinga og viser aktivitetane med bilete, symbol eller ord. Ho kan tilpassast både enkeltbarn og grupper. Bruken av dagtavle fremjar sjølvstende, kommunikasjon og språk, og bidreg til ein roleg og trygg barnehagedag.

Inped, snakkepakken, språksprell, ASK,

I Stette barnehage arbeider vi systematisk med språk og kommunikasjon ved hjelp av ulike pedagogiske verktøy som Inped, Snakkepakken, Språksprell og ASK. Målet vårt er å skape eit inkluderande og stimulerande språkmiljø der alle barn får støtte til å utvikle språk, kommunikasjon og samspel ut frå egne føresetnader. Inped gir oss pedagogisk materiell med utgangspunkt i Rammeplanen, medan Snakkepakken skapar

motivasjon og glede ved å bruke språket, uavhengig av alder, språkferdigheit eller morsmål. Forteljingar, songar og regler blir gjort synlege, noko som er kjekt både for barna og personalet. Språksprell består av metodiske språkleiker for 4–6-åringane, der leik med språk står i sentrum og fokus er på merksemd for lyd, rim og regler, stavelsesdeling og forlydanalyse. Å leike med språket er både nyttig og viktig for alle barn, og vi brukar dette i ulike pedagogiske samanhengar i løpet av barnehagedagen og i førskuleopplegget.

Verktøya blir brukt i planlegging, observasjon og målretta språkstimulering, og bidreg til tidleg innsats for barn med språklege utfordringar. Arbeidet blir dokumentert og følgt opp gjennom didaktisk plan, periodeplanar og månadsbrev, som sikrar kontinuitet og godt samarbeid med foreldre. Gjennom dette arbeidet får personalet styrkt sin kompetanse, og barnehagen sikrar både kvalitet og systematikk i arbeidet med språk og språkvanskar, slik at alle barn får høve til å blomstre i eit rikt og inkluderande språkmiljø.

Teiknspråk

I Stette barnehage legg vi til rette for at både barn og personale skal få kompetanseheving i teiknspråk. Teiknspråk er eit fullverdig språk på lik linje med norsk, og som språkleg og kulturelt uttrykk er det likeverdig med talespråk. Vi ser det som viktig at barna får moglegheit til å kommunisere og lære språk gjennom fleire sansar. Forsking viser at nokre barn kan ta i bruk teikn før dei kan bruke tale, noko som gir dei høve til å gjere seg forstått før talespråket er fullt utvikla. Teiknspråk er også eit godt hjelpemiddel for barn med nedsett høyrsel, for fleirspråklege barn, barn med forsinka språkutvikling og barn med konsentrasjonsvanskar. Gjennom bruk av teiknspråk kan vi styrke kommunikasjonen og språkforståinga, samtidig som vi anerkjenner og verdset eit av dei mange språka som blir brukt i Noreg.

Teikn til tale(TTT)

Teikn-til-tale er ein kommunikasjonsmetode der vi kombinerer tale med teikn med hendene. Dette er eit supplement til talespråket, ikkje eit alternativ, og målet er å gi barna eit ekstra verktøy til å uttrykke seg samtidig som vi støtter utviklinga av talespråket. Teikn-til-tale fremmer kommunikasjon og språkutvikling ved at vi brukar tale saman med kroppsspråk, mimikk og gestar, og teikn som gir meining til orda vi bruker. Vi nyttar teikn-til-tale som støtte både når barna lærer norsk talespråk og når vi arbeider med teiknspråk, slik at alle får best mogleg høve til å forstå og bli forstått.

Ved å ha fleire arbeidsmåtar tilgjengeleg, gir vi både personalet wog barna varierte måtar å nå

«målet» på. Val av arbeidsmåtar opnar for å gjere innhaldet i barnehagen både spennande og variert. Desse arbeidsmåtane kan bidra til å skape engasjement, interesse og motivasjon, samtidig som dei gir rom for nye erfaringar og opplevingar.

Ved å ta i bruk desse arbeidsmåtane og verktøya, gir vi barna moglegheit til å utvikle seg, lære og oppleve framgang og progresjon i barnehagen, tilpassa deira alder og føresetnader.



Samling

I barnehagen har barna daglege samlingar, anten ute eller inne, gruppevis eller i mindre grupper. Samlingane er tilpassa alderen på barna og kan innehalde forskjellig innhald.

Under samlinga brukar vi på dagtavle for å vise kva som skal skje i løpet av dagen. Dette gir barna ei kjensle av forutsigbarheit.

I tillegg kan samlingane innehalde eventyr, songar, fakta eller annan informasjon. Lengda og innhaldet på samlingane varierer ut frå avdeling, tema og alder.

På Fjørefantane legg vi vekt på dialog, turtaking, medverknad og undring.

På Solstrålane legg vi vekt på samspel og felles fokus. Uansett avdeling er målet at barna skal kjenne seg sette og høyrde, samtidig som dei opplever å vere ein del av eit fellesskap.



Barnehagebiblioteket

I Stette barnehage har vi eit eige barnehagebibliotek. Dette inneber at vi har om lag 200 kvalitetsbøker tilpassa barn, som er tilgjengelege for utlån i barnehagen. To gongar i året blir desse bøkene bytta ut med nye, slik at barna får tilgang til oppdatert og variert litteratur gjennom heile året.

Mål

Hovudmålet med barnehagebiblioteket er å auke leseglede og støtte språkutviklinga hjå barna frå dei er små. Vi veit at tidleg eksponering for bøker og lesing har stor betydning for seinare lese- og skriveferdigheiter.



Praktisk bruk

Systemet er enkelt: Kvar avdeling har ei perm der ein fører opp namn på barnet, dato, og kva bok som er lånt og levert tilbake. Dette gir ei oversikt over utlåna og sikrar at bøkene blir godt tatt vare på.

Pedagogisk gevinst

- Lesestunder i grupper eller ein-til-ein med barna.
- Mulighet for å låne bøker med heim og lese saman med familien.
- Stimulering av fantasi, språk og sosiale ferdigheiter gjennom samtalar om bøkene.
- Skapar gode rutinar og respekt for bøker.

Tips til vidare bruk

- Bruk gjerne ressursar frå Nynorsksenteret – Alderssteg barnehage.
- Eventyrbroa kan inspirere til temabasert lesing og formidling av eventyr.





Fagområda

Stette barnehage sitt arbeid med dei sju fagområda. Vi arbeider tverrfagleg, gjennom varierte prosessar og arbeidsmåtar. Det er viktig med progresjon, variasjon og tilrettelegging med tanke på barna sine ulike behov. Dei ulike faga vil gli over i kvarandre, og verte ein naturleg del av ei leikprega læring. Vi vil gjennom ulike dokumentasjon og vurdering vise korleis barna har fått varierte opplevingar med dei ulike faga.

Kunst, kultur og kreativitet

Mål: Skaparglede, meistring og kreativ uttrykking.

Aktivitetar: Forming, teater/drama, musikk og dans.

Tilknytning: Årstid, tema, høgtider og kulturarv.

Fokus: Fantasi, kulturell identitet, variert uttrykk.

Natur, miljø og teknikk

Mål: Utforsking, glede og trygghet i naturen.

Aktivitetar: Friluftsopplevingar, turar i nærområde, leik og aktivitetar.

Tilnærming: Pedagogisk tilrettelagt etter barns alder og tema.

Fokus: Bli kjend med naturen, samarbeid, fysisk aktivitet.

Etikk, religion og filosofi

Mål: Forståing av ulike verdiar, kulturar og religionar.

Aktivitetar: Markering av høgtider (jul, påske, andre kulturar), refleksjon over reglar, empati og konfliktløysing.

Fokus: Mangfald, respekt, sosial kompetanse.

Nærmiljø og samfunn

Mål: Kjensle av tilhøyrse og deltaking i samfunnet.

Aktivitetar: Utforsking av nærområde, trafiksikkerheit, besøke

skular og offentlege plassar.

Tilknyting: Feiring av 17. mai, Samefolkets dag og FN-dagen.

Fokus: Demokrati, barnas medverknad, samfunnsforståing.

Kommunikasjon, språk og tekst

Mål: Språkforståing, kommunikasjon og tekstforståing.

Aktivitetar: Høgtlesing, dramatisering, rim og regler, språkplakatar, teikn- og biletstøtte.

Fokus: Rollemodellering av vaksne, støtte i leik, verbal og non-verbal kommunikasjon.

Kropp, rørsle, mat og helse

Mål: Helse, trivsel, motorikk og matglede.

Aktivitetar: Måltid, matlaging, fysisk aktivitet, friluftsliv.

Fokus: Sunn kost, hygiene, fin- og grovmotorikk, kroppskoordinasjon.

Mengde, rom og form

Mål: Grunnleggande matematisk kompetanse.

Aktivitetar: Sortering, teljing, måling, former, mønster, visualisering.

Tilnærming: Bruk av regelleik, formingsaktivitetar, song, matlaging og kvardagsaktivitetar.

Fokus: Matematikk i natur, samfunn og kvardag, observasjon og utforsking.



Årshjul – aktiviteter, tradisjonar, arrangement og liknande

DATO	AKTIVITET	INFORMASJON
01. august	Barnehagestart	1 august startar barnehageåret 2025-26
Veke 31, 32, 33	Sommarferie-avvikling	Barn og tilsette har ferieavvikling
14. august	Planleggingsdag	Barnehagen er stengt
Veke 34	Vennskapsveke	Vennskap og respekt
Veke 38	Brannvernveka	Å gjere barn og tilsette kompetent slik at det blir naturleg å handle når ulykka er ute.
09. september	Foreldremøte	
19. september	Fau-møte med styrar	Informasjon om Fau arbeidet og fordeling av roller for medlemmane
Veke 39	Miljøfyrtårn - Hald Norge reint	Barn og tilsette plukkar boss og snakka om sortering av avfall m.m. ein del av miljøfyrtårnsarbeidet i barnehagen
Veke 40	Førstehjelp og trafikk	
Oktober	Foreldresamtaler	Eigen innkalling kjem frå pedagogane
24. oktober	FN-dagen	
Oktober/ november	Farsdag	Markerst med at barna lagar eit kort
Veke 45	Miljøfyrtårn	Fokus på matsvinn
November/ desember	Juleførebuing	Juletradisjon som forteljing om jul og tradisjonar, baking, julegåveverkstad, song m.m
Desember	Julevandring Julegudsteneste	

01. desember	Nissefest	Barn og tilsette kle på nissekostyme
11. desember	Luciafest	Fau arrangement, barnehagen stille med underholdning
16. januar	Planleggingsdag	Barnehagen stengt
Januar	Vinterleikar	
6. februar	Samefolkets dag	
8. februar	Morsdag	Markerest med at barna lagar eit kort
Veke 8	Vinterferieveka	Kartlegging på nærvær i forkant
Veke 9	Fastelavnen -og karneval	
Veke 10	Brannvernveka	Å gjere barn og tilsette kompetent slik at det blir naturleg å handle når ulykka er ute.
09. mars	Planleggingsdag	Barnehagen stengt
Mars/april	Påskevandring	
Mars/April	Foreldresamtalar	Eigen innkalling kjem frå pedagogane
01. april	Onsdag før skjærtorsdag Barnehagen open 07.00-12.00	Barnehagen stenger kl. 12.00
01-06. april	Påskeferie	Kartlegging på nærvær i forkant
Mai	Besøk av nye barn	
15. mai	Planleggingsdag	
Veke 29, 30, 31	Sommerferiestengt	Kartlegging på ferie i forkant Barnehagen er stengt desse vekene
Veke 25,26, 27,28	Sommarferie-avvikling	Barn og tilsette har ferieavvikling

Datoane som er fastsett kan bli endra ved behov.

Kjelder

Rammeplan for barnehagen:

www.udir.no/contentassets/7c4387bb50314f33b828789ed767329e/rammeplan-for-barnehagen---nynorsk-pdf.pdf

Lov om barnehagar:

lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64

Stortingsmelding nr 6:

www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/

FN's berekraftsmål:

www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal

Barnekonvensjonen:

www.fn.no/Om-FN/Avtaler/Menneskerettigheter/Barnekonvensjonen

Livet og Sånn!

www.livetogsann.no/barnehage/

Nynorsksenteret:

nynorsksenteret.no/barnehage

Skodje bibliotek:

alesundsbiblioteka.no/biblioteka/skodje/

